

Søknad om stønad til Bømloblåsen sitt 25-års arrangement

Bømlø Janitsjar søker med dette om kr. 17.500,- i stønad til årets Bømloblåsen-arrangement, som er ein konkurranse for skulekorps i Sunnhordlandsregionen og deler av Haugalandet. Konkurransen har i år 25-årsjubileum.

Bakgrunn

Bømlø Janitsjar blei starta i 1989 ved å slå saman Rubbestadneset Musikklag og Bremnes Musikklag.

Som einaste musikklaget i kommunen får me hovudsakleg rekrutteringa frå våre seks skulemusikklag på øya.

For å gjera skulekorpsa meir attraktive blant barn og ungdom, og derved å auka kvaliteten, vedtok korpset i 1990 å arrangera ein årleg konkurranse, Bømloblåsen, der laga skulle få konkurrera mot skulekorps i regionen. Eit viktig element i dette er at laga då kan delta i ein konkurranse som er i regionen og varer berre ein dag. Det gjer at korpsa, store som små, kan få prøva seg og bli vurderte av profesjonelle dommarar, til ein overkomeleg kostnad.

I dei seinare år er det registrert mindre rekruttering til skulekorps generelt, og me ser på Bømloblåsen som eit viktig tiltak for å rekruttere og behalda barn og ungdom i korpsmiljøet.

Konkurransen, som held til i Bømlø kulturhus, fylgjer Norges Musikkorps Forbund sine regler, og har to profesjonelle dommarar på kvart arrangement. Konkurransen vert avslutta med ein festkonsert av Bømlø Janitsjar (m/eventuelle gjester), samt premieutdeling.

Årets 25-års jubileums-konkurranse

Sidan me har jubileum i år ynskjer me å gjera litt ekstra for deltakarane, spesielt på festkonserten kor me legg ned meir arbeid i programmet.

Årets Bømloblåsen, som vert arrangert laurdag 18.10.14, har 10 deltakande skulekorps frå fylgjande kommunar:

Stord, Fitjar, Sveio, Tysnes og Bømlø